

**Fra:** Katrin Blomvik (katrin@verdsarvfjord.no)

**Sendt:** 25.02.2015 15:44:35

**Til:** Anne Karin Hamre; bjorn.ruset@norddal.kommune.no; Hans Erik Ringkjøb; Jan Geir Solheim; Jan Ove Tryggestad; Jenny Følling; Jon Aasen; Lars Sponheim; Lodve Solholm; Marta Finden Halset; Mona Haugland Hellesnes; Noralv Distad; Olav Nord-Varhaug; Trond Taugbøl; Willy J. Loftheim; Post MR fylke; Arlen Synnøve Bidne; Gaute Sønstebø; 'Geir Moen'; Gunnar Bergo; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Kjell Hansen; Kjell Kvingedal; Kristoffer Ullern Hansen, SNO; Kulturavdelinga SF fylke; Leif Inge Underdal; Liv Nystad; Magnhild Aspevik; Nornes Anbjørg; Odd Rune Turvoll; Per Morten Ekerhovd; Post FMHO; Post FMSF; Post Lærdal; Post Miljødir; Post SF fylke; 'post@norddal.kommune.no'; 'post@stranda.kommune.no'; Postmottak - Sentralarkivet i Aurland; Postmottak Vik Kommune; postmottak@md.dep.no; postmottak@ra.no; Voss kommune; Tom Dybwad; polpebe@norddal.kommune.no; fmmrlimy@fylkesmannen.no; Inge Bjørdal

**Kopi:** Erling Oppheim (erling@naroyfjorden.no); Merete \_; Wenche Dahl; Malin Merok; Else Ragni Yttredal (elseragni.yttredal@moreforsk.no)

**Emne:** Møte i Verdsarvrådet UTSATT!

**Vedlegg:**

Hei

Viser til innkallinga sendt ut den 17.02.2015 under. Leiarskapet har i dag saman med sekretariat beslutta å utsette neste møte i Verdsarvrådet i Lærdal til 3. veka i august!

Bakgrunnen for dette er mellom anna at Vestnorsk fjordlandskap den veka vil få formelt besøk av representantar frå Glacier Bay i Alaska og ein representant frå Verdsarvsenteret i Paris, i samband med oppstarten av eit «twinning» - samarbeid med verdsarvfjordlandskapet i Alaska. Leiarskapet i Verdsarvrådet har eit ønske om at Verdsarvrådet skal få ta del i oppstarten av denne prosessen, og soleis vel vi å legge møtet til den veka vi får dette formelle besøket. Dette vil og verte ei flott markering i samband med 10 års markeringa til Vestnorsk fjordlandskap. Vi oppmodar om at så mange som råd av medlemmane prioriterer dette møtet. Fleire av dykk vil og bli involvert gjennom heile veka under dette formelle besøket.

Forslag nye datoar for Verdsarvrådet:

**Datoar: 20. – 21. august 2015**

**Stad: Lærdal kommune**

Besøket frå Alaska vil besøke begge delområda under sitt besøk den 3. veka i august. Val av veke er bestemt frå Alaska og representant frå Verdsarvsenteret i Paris.

Vi kjem attende med meir informasjon etterkvart, vi ber no kun om at dere merkar dykk utsettinga av møtet i mars og dei nye datoane.

Med vennleg helsing

Katrin Blomvik

Direktør Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv / Sekretariat Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjordområdet

T: + 47 70 26 38 10 / M: + 47 95 42 73 90 / F: + 47 70 26 51 22

E-mail: [katrin@verdsarvfjord.no](mailto:katrin@verdsarvfjord.no) / Web: [www.verdensarv.com](http://www.verdensarv.com) / [www.verdsarvfjord.no](http://www.verdsarvfjord.no)



Tenk på miljøet før du skriv ut e-posten!

**Fra:** Katrin Blomvik

**Sendt:** 17. februar 2015 14:55

**Til:** Anne Karin Hamre; bjorn.ruset@norddal.kommune.no; Hans Erik Ringkjøb; Jan Geir Solheim; Jan Ove Tryggestad; Jenny Følling; Jon Aasen; Lars Sponheim; Lodve Solholm; Marta Finden Halset; Mona Hellesnes; Noralv Distad; Olav Nord-Varhaug; Trond Taugbøl; Willy J. Loftheim; Post MR fylke; Arlen Synnøve Bidne; Gaute Sønstebø; 'Geir Moen'; Gunnar Bergo; Hordaland fylkeskommune; Kjell Hansen; Kjell Kvingedal; Kristoffer Ullern Hansen, SNO; Kulturavdelinga SF fylke; Leif Inge Underdal; Liv Nystad; Magnhild Aspevik; Nornes Anbjørg; Odd Rune Turvoll; Per Morten Ekerhovd; Post FMHO; Post FMSF; Post Lærdal; Post Miljødir; Post SF fylke; 'post@norddal.kommune.no'; 'post@stranda.kommune.no'; Postmottak - Sentralarkivet i Aurland; Postmottak Vik Kommune; postmottak@md.dep.no; postmottak@ra.no; 'postmottak@voss.kommune.no'; Tom Dybwad; polpebe@norddal.kommune.no; fmmrlimy@fylkesmannen.no; 'Inge Bjørdal'

**Kopi:** Erling Oppheim (erling@naroyfjorden.no); Merete \_; Wenche Dahl; Malin Merok; Else Ragni Yttredal (elseragni.yttredal@moreforsk.no)

**Emne:** FoU Strategi ut på høyring, samt påminning møtedato for Verdsarvrådet 12. - 13. mars Lærdal!

**Viktighet:** Høy

Hei

Vi minner om neste møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap **12. – 13. mars 2015 i Lærdal kommune!**

Tidsramma for møtet vert frå lunsj 12. mars – til lunsj 13. mars. Frist for innsending av saker er sett til 27.02.2015 til [katrin@verdsarvfjord.no](mailto:katrin@verdsarvfjord.no) .

Vedlagt finner dere også ein invitasjon til Erfaringskonferansen «ELBUSS på veg oppover» - som dere er alle invitert til å delta på, datoane er 11. – 12. juni, sjå vedlegg.

Vedlagt sender vi samstundes ut høyringsutkastet til ein FoU Strategi for verdsarven Vestnorsk fjordlandskap. Vi ber om at alle verdsarvkommunane og fylkeskommunane legg den ut på ei brei, offentlig høyringsrunde, og vi håper på mange innspel i høyringsrunden.

Dere kan gjerne nytte denne teksten når dere legger strategien ut på websidene dykkar:

**Har de innspel eller kommentarar?**

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap har i samarbeid med Møreforskning utarbeidd eit høyringsutkast til FoU-strategi (sjå vedlegg). Med hovudmålet «Vestnorsk fjordlandskap – eit laboratorium for berekraftig utvikling» vil vi gjennom strategien signalisere at verdsarvområdet skal vere ein stad for læring, for kunnskapsutvikling og for å prøve ut nye berekraftige løysingar. Strategien har kome til gjennom ein lengre prosess frå januar 2014 der mange har vore involverte. No ønskjer vi at enno fleire skal få moglegheit til å kome med innspel.

Endeleg FoU-strategi skal vedtakast av Stiftinga Nærøyfjorden verdsarvpark og Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv i løpet av våren.

De kan sende innspel og kommentarar **innan 6. mars** til:

Møreforskning ved Else Ragni Yttredal:

E-post: [ery@moreforsk.no](mailto:ery@moreforsk.no),

Tlf: 41 61 34 03

Adresse: Postboks 325, 6101 Volda

Venleg helsing  
Vestnorsk fjordlandskap

Erling Oppheim  
Dagleg leiar, Nærøyfjorden verdsarvpark

Katrin Blomvik  
Direktør, Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv

Med vennleg helsing

Katrin Blomvik  
Direktør Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv / Sekretariat Vestnorsk fjordlandskap -  
Geirangerfjordområdet  
T: + 47 70 26 38 10 / M: + 47 95 42 73 90 / F: + 47 70 26 51 22  
E-mail: [katrin@verdsarvfjord.no](mailto:katrin@verdsarvfjord.no) / Web: [www.verdensarv.com](http://www.verdensarv.com) / [www.verdsarvfjord.no](http://www.verdsarvfjord.no)



Tenk på miljøet før du skriv ut e-posten!